



PROTOKOLL

Utval: Kontrollutvalet i Klepp	Møtenr.: 2-2012	Møtedato: 19. april 2012	Utvallssaksnr.: 8/12 - 14/12
Innkalla: Arild Børge Skjæveland Ove Horpestad Sigrid Lærdal Reidar B. Thu Siri Øksnevad Olsen	Forfall: Ingen		
Andre: Rådmann Svein Tore Åtland, Klepp kommune Økonomisjef Viggo Johansen; Klepp kommune Skatteoppkrevjar Ivar Slettebø, Klepp kommune Spesialrådgivar Willy Ulvang, Klepp kommune Forvaltningsrevisor Aslak Svindland, Deloitte AS Oppdragsansvarlig revisor Erik Braut, Deloitte AS Daglig leder Wencke S. Olsen, RKS			

Innkallinga vart godkjent uten merknader.

8/12 Godkjenning av protokoll frå møte 01.03.2012

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt

VEDTAK:

Kontrollutvalet godkjenner protokollen frå møte i Klepp kontrollutval den 1. mars 2012.

9/12 Årsmelding og årsrekneskap 2011 for Klepp kommune

Økonomisjef Viggo Johansen og rådmann Svein Tore Åtland orienterte.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

VEDTAK:

1. Kontrollutvalet i Klepp har ingen merknader til den framlagde årsrekneskapen ut over det som går fram av revisors revisjonsrapport og revisjonsmelding.
2. Kontrollutvalet ber om tilbakemelding frå administrasjonen til sitt møte den 6. september på korleis kommunen har fylgt opp revisors merknader i revisjonsrapporten, jfr. § 8 i "Forskrift om kontrollutvalg".

10/12 Ny plan for forvaltningsrevisjon - innspel frå rådmannen

Rådmann Svein Tore Åtland orienterte, og kom med følgjande innspel:

IKT: organisering, kommunalt/interkommunalt, service m.v., kva kan kommunen oppnå med å samarbeida interkommunalt om denne tenesta.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Klepp tar rådmannens innspel til ny Plan for forvaltnings- revisjon til orientering.

11/12 Skatterekneskapet for 2011 med kontrollrapport frå Skatteetaten

Skatteoppkrevjar Ivar Slettebø orienterte.

Forslag til vedtak vart samrøstes vedtatt.

VEDTAK:

1. Kontrollutvalet i Klepp tar skatterekneskapen for 2011 til orientering.
2. Skatterekneskapet for 2011m/kontrollrapport vert vidaresendt kommunestyret til orientering.

12/12 Utkast til prosjektmandat for forvaltningsrevisjon innafor skulen i Klepp

Spesialrådgivar Willy Ulvang frå Klepp kommune orienterte om andre tilsyn i skulen som skal utførast i tida framover.

Det framlagde forslaget har eit høgare forbruk enn det som er tilgjengeleg i budsjettet for 2012..

Det vart derfor lagt fram følgjande forslag til vedtak:

Kontrollutvalet vel å kutta ut pkt. 5 i forslag til problemstillingar. Kontrollutvalet ber og revisor sjå nærare på metode når det gjeld intervjuar. Revisor vert bedt om å leggja fram eit utkast til mandat til neste møte der problemstillingar og metode er tilpassa tilgjengelege budsjettmidlar, som for 2012 er på ca. 195.000 kr.

Dette forslaget til vedtak vart samrøystes vedtatt.

VEDTAK:

Kontrollutvalet vel å kutta ut pkt. 5 i forslag til problemstillingar. Kontrollutvalet ber og revisor sjå nærare på metode når det gjeld intervjuar. Revisor vert bedt om å leggja fram eit utkast til mandat til neste møte der problemstillingar og metode er tilpassa tilgjengelege budsjettmidlar, som for 2012 er på ca. 195.000 kr.

13/12 Selskapskontroll i Interkommunalt Arkiv IKS (IKA) - utkast til prosjektmandat

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Klepp bestiller selskapskontroll i Interkommunalt Arkiv IKS (IKA) i tråd med det utkastet til prosjektmandat som ligg føre.

14/12 Statusoversikt pr. april 2012

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Klepp tar statusoversikt pr april 2012 orientering.

EVENTUELT

- Neste møte i kontrollutvalet er den 14. juni.
- Møte med politiske gruppeleiarar blir forut for kommunestyremøtet den 18.juni, nærare bestemt den 18. juni kl. 17.00. Sekretariatet sender melding til gruppeleiarane om at møtet skal haldast på denne datoen, med kopi til kontrollutvalet. Referat frå møtet med politikarane vert sendt revisor umiddelbart etter at dette møtet er halde.

Underskrifter:

Me stadfester med underskriftene våre at det som er ført i protokollen, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Leiar av kontrollutvalet

Nestleiar av kontrollutvalet